



Vestland fylkeskommune ved fylkesordfører Jon Askeland

## **Prioritering av skredsikringsmidlar til prosjekt i Sogn – innspel til budsjett og økonomiplan, og RTP**

### **Om skredsikring av fv.55 Esefjorden**

Skredsikring av fv. 55 rundt Esefjorden har lenge vore eit høgt prioritert prosjekt. Prosjektet har lege på prioriteringslistene for skredsikring sidan Regional transportplan 2014-2023 i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I 2016 la Balestrand kommune fram forslag til kommunedelplan for Esefjorden. Planen la fram to alternativ til framtidig vegløyising rundt fjorden; eitt alternativ med veg rundt, og eitt alternativ der fjorden kryssast med bru. Det var tilrådd at det vart vald ei løyising med bru over Esefjorden for å rassikre og utbetre vegen. Forslaget bygde på ein prosess med forprosjekt der ulike løyisingar vart teikna opp og kostnadsrekna. Dei ulike løyisingane vart sila i forprosjektet som førte fram til dei to alternativa som vart lagt fram i kommunedelplanen.

Kommunestyret i Balestrand gjorde i sak 39/17 vedtak om at «Kommunedelplan for Esefjorden, 26.10.16» blir vedteken. Planen vart einstemmig vedteken med Planalternativ 1 som er Bruløyising med bru i området Storasva og Gjerde.

Basert på løyisinga i kommunedelplanen vart prosjektet prioritert inn på investeringsprogrammet til Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med Regional transportplan 2018-2023. I dette arbeidet vart det og avklart med sentrale vegmynde at prosjektet var å rekne som eit skredsikringsprosjekt og at det difor kunne løyvast midlar frå skredsikringspotten til prosjektet.

På denne bakgrunn starta Statens vegvesen i 2019 arbeid med reguleringsplan for brua. Vestland fylkeskommune overtok planarbeidet som resultat av regionreforma i 2020, og prosjektet vart i desember 2020 oppført i investeringsprogrammet for Vestland fylkeskommune for 2021-2024 med ei samla løyving på 771 mill. kr.

Det vert no arbeidd med å slutføre reguleringsplanen frå fylkeskommunen før oversending til kommunen. Ut frå dei opplysningane Sogn regionråd har fått er det lagt opp til at dette vil skje innan utgangen av 2021.

Det er ikkje lagt opp til å gjere nokre nye vurderingar av alternative vegløyisingar for prosjektet. Det er riktig at kostnaden med bruløyisinga har auka i høve til dei tala som vart lagt fram i samband med kommunedelplanen, men vi stiller oss undrande til påstanden om at prosjektet «er ute i eit økonomisk uføre». Det er ikkje slik at kostnaden med alternativ sikring med tunnel og rasoverbygg har stått

stille sidan 2017. Det å samanlikne oppdaterte anslag for brualternativet med anslaga for tunnel og rasoverbygg frå kommunedelplanen har etter vårt syn liten verdi.

Det er no gjennomført omfattande grunnundersøkingar for å kartlegge forholda i grunnen. Vi har fått opplysningar om at fylkeskommunen no har god oversikt over dette, og vi legg til grunn at prosjektet kan gjennomførast innanfor dei rammene som er lagt i økonomiplanen. Vi er trygge på at brualternativet som kommunen har vedteke er riktig løysing for sikringa av fv. 55 ved Esefjorden. I tillegg til å skredsikre strekninga vil brualternativet gi ein samanhengande god vegstandard og kortare reiseveg mellom Balestrand og Dragsvik. Trafikantane slepp det dårlege vegpartiet inst i Esefjorden, og det vil bli bygd gang- og sykkelveg på brua.

Vi er opptekne av at brua skal få ei god utforming, og me vonar difor at utforming av brua vil bli eit kriterium ved val av entreprenør.

### **Om skredsikring av Fv 5600 Arnafjorden**

Fv. 5600 mellom Vik og Arnafjorden er ein av dei farlegast fylkesvegane å ferdast på i Vestland. Over mange tiår har det her vore registrert mange små og store steinnedfall/ras. Seinast i november 2021 har det vore fleire hendingar, der hendinga med steinnedfall på skulebussen 18. november er det mest alvorlege. Fv. 5600 har heile fem raspunkt registrert med rasfaktor 4,0 eller høgare; Snøggjølet, Rinden, Eiterneset, Nedda og før Valsvikhammaren. Sogn regionråd registrerer at det over tid har vore freista med ulike former for mindre rassikringstiltak som fjellrensk og fanggjerdje. Det beste og mest framtidsretta tiltaket slik me ser det er ein lang tunnel for å sikre heile strekninga.

Me ber difor innstendig om at rassikring for innbyggjarar og næringsliv i dette området vert prioritert i komande RTP. Me ber om at det so raskt som mogleg vert løyvd planleggingsmidlar til prosjektet.

### **Sogn regionråd sine innspel til den fylkeskommunale prosessen knytt til RTP**

Me, som alle andre, har forhelde oss til dei dokument som har danna grunnlag for arbeidet med ny Regional Transportplan (RTP) i Vestland. Alle innspel gjeve frå regionrådet er gjeve med basis i at prosjektet med bru over Esefjorden har lege inne med tildelte midlar. Me har difor ikkje tidlegare i 2020/2021 sett det som naturleg å spele inn dette prosjektet i diskusjonen kring kva skredsikringsprosjekt som skulle prioriterast frå 2023 og framover.

Me opplever det som uryddig av fylkeskommunen å endre spelereglane i ein so omfattande planprosess i siste sekund. Dersom fylkestinget 14-16. desember held fast på det som no er lagt fram frå finansutvalet, ber me om at de ser bort frå våre tidlegare innspel når det gjeld prioritering av skredsikringsprosjekt. Ein slik endring av spelereglane betyr og at me gjerne ville skrive og formulert innspela våre på ein annan måte i dei ulike høyringsrundane. Prioriteringa til Sogn Regionråd

(sidan 2014) har vore tydeleg på at fv. 55 Esefjorden kjem fyrst, og deretter fv. 5600 Arnafjorden, og denne prioriteringa står fast frå Sogn regionråd si side.

Me føreset at fylkestinget går attende til opprinneleg plan og løyver midlar til gjennomføring av prosjektet på fv. 55 med bru over Esefjorden i 2022-24 i sak om budsjett og økonomiplan, sekundert at det vert lagt til grunn at slik løyving kjem på plass med ein gong reguleringsplanen vert godkjent.

Når det gjeld ny RTP ber me og om at Fylkestinget vidare prioriterer fv.5600 Arnafjorden, og løyver planleggingsmidlar for raskast mogleg realisering av prosjektet. Sogn Regionråd vil no, saman med Vik kommune, sende søknad om planleggingsmidlar til prosjektet.

Med venleg helsing

Hilmar Høl  
leiar  
Sogn regionråd

Roy Egil Stadheim  
nestleiar  
Sogn regionråd

Arnstein Menes  
leiar samferdslegruppa  
Sogn regionråd